**RAN**
SEILFORENING

# RAN Eintype Regatta



No seier også kalenderen at det er haust og for fjerde gong har Ran gleda av å invitera til RAN Eintype Regatta.

Konseptet rommar sosialt og diskusjon om segling i klubbhuset fredagskvelden, inntil seks løp på bane laurdagen, varm suppe ved innkomsten og sosial seglarfest på kvelden, inntil fire løp på sundagen og mat ved innkomst/premieutdeling. Deltakartala har stige frå 19 båtar i fire klassar i 2012, 23 båtar i fire klassar i 2013 til 31 båtar i fem klassar i 2014. I 2015 er målet minst 40 båtar.

RAN Eintype Regatta er ein fin sesongfinale der seglarar frå heile Sør-Noreg møtest. Arrangøren har kran og kranførar tilgjengeleg både før og etter regattaen. Dei med lengst reiseveg vert prioritert i krankøen.

Overnatting kan skje i klubben sitt gamle klubbhus, Ranheim, der det finst sengekapasitet til 36 personar. Alle deltakande båtar kan sjølvsagt bruka kaiane i Ran sitt hamneanlegg.

Parallelt med RAN Eintype Regatta avviklar tur&hav-seglarane klubbmesterskap på faste merker, men dei held seg utanfor dei to baneområda der eintypeseglarane jibbar seg inn og ut av overlappar og to-båtlengdesirklar. Seint i september plar vindstille vera eit sjeldan fenomen i Hjeltefjorden.

Fredagskvelden vert det debatt med aktuelle tema som er relevante for eintypeseglarar. Eit aktuelt tema denne gongen kan vera NSF si satsing på seglsportligaen og korleis dette vil slå ut for dei ulike eintypemiljøa. Vidare bør det drøftast kva som skal til for å utvikla fleire gode eintyperegattaer på Vestlandet. Innspela frå desse debattane er nyttig å ta med seg inn i haustens terminlistearbeid.

På laurdagens seglarfest vert det god mat og drikke. Noko av underhaldninga vert i år ved Polka-Bjørn. Han kjem til å demonstrera ramsalt romsdølsk jodling og gode skrøner frå sumarens rotur langs norskekysten og kan hende vert det litt strupesong òg.

Vidare vert det premieutdeling, musikk og gode høve til å utdjupa og bortforklara både seglbragder og andre gjerningar.

Med RAN Eintype Regatta ynskjer Ran Seilforening at flest mogleg seglarar får ha det kjekt på både land og sjø. Har du innspel som kan utvikla regattaen, så ta gjerne kontakt med underteikna! Vonar me ser deg på startlinja 19. september.

*Kjell Magnus Økland, regattasjef RAN Eintype Regatta*

## RIB-ER I MESTERSKAP OG NORGESCUPER

Skal vi følge opp ungene våre under mesterskap, er en RIB et viktig og nødvendig redskap for å kunne drive denne idretten.

På de siste mesterskapene er det blitt vist stor forståelse for at de som har lengst vei hjem, blir prioritert til å få RIB-en opp av vannet først.

Dette er noe alle jolleforeldre setter stor pris på, og det er en god hjelp for å minske avstanden mellom øst og vest. Skal man kjøre i ni timer for å komme hjem etter et mesterskap, er dette veldig viktig.

Tusen takk til arrangørene for at dere prioriterer dette.

NYTT FRA RAN SEILFORENING • ranseil.no

RAN



MORTEN JENSEN

**BRONSE:** Tobias Sandmo Birkeland tok en fin bronse i årets norgesmesterskap i Optimist gutter.

OPTIMIST-NM

# Fantastisk flott NM i regi av Nesodden Sf

**Det var en stor fornøyelse for Ran-seilerne å delta på NM i Optimist. Det var et flott gjennomført NM, både på land og på banen, hvor både banemannskaper og dommere gjorde en fantastisk jobb for alle.**

**ROLF GULDBERG •** Spesielt har jeg lyst til å rose Nesodden Seilforening for å ta tak i våre nye seilere i Coming Stars.

Det å la våre nye unge seilere få lov å prøve seg i et «mesterskap» er veldig viktig for rekrutteringen til idretten. Våre nye håpefulle seilere sitter igjen med en god erfaring, og lysten til å forsette seilingen blir bare veldig forsterket etter et slikt godt gjennomført arrangement.

Det er også veldig hyggelig å treffe seilerforeldre fra de forskjellige foreningene rundt omkring i vårt vakre land. Det å sitte på land å kunne ta en prat og dele erfaringer med andre foreldre i andre foreninger, er en viktig faktor for at vi skal kunne trives med å la barna våre drive med denne idretten.



MORTEN JENSEN

**GOD INNSATS:** Karoline Eirin Vabø var lenge med i medaljekampen, men bl til slutt nr. 7 og nr. 4 av de norske seilerne.

# Ran-brødre i internasjonale mesterskap

**Alexander seiler Laser Radial og lillebror Victor Dahl Høgheim seiler Laser 4.7. Begge har deltatt internasjonalt denne sesongen.**

**AV TORILL ELISE DAHL HØGHEIM •** Alexander Dahl Høgheim ledet rankingen i Laser Radial etter tre norgescuper og kvalifiserte seg med det til Eurosaf Youth European Championship i Brest i Frankrike. Her møtes de to-tre best rankete seilerne fra hvert land. Det er et profesjonelt mesterskap med de beste seilerne i alle ungdomsklasser og et høyt nivå.

Victor Dahl Høgheim leder rankingen i Laser 4,7, og seiler i skrivende stund VM i Nederland. Her deltar 260 gutter og 125 jenter fra over 40 land. Mesterskapet er med dette det største noensinne, så Laser 4,7-klassen er så absolutt i vekst rundt verden. Nivået er høyt.



TORILL ELISE DAHL HØGHEIM

**BRØDRE:** Alexander og Victor gjør seg bemerket i Laser-klassene.